



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 Bergen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3706 - 17/7159

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
02.03.2017

## Oversending av søknad om dispensasjon til uttale - gbnr 11/2 Hølleland

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå reguleringskravet i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 (KPA) og frå plan- og bygningslova § 1-8 byggeforbodet langs sjø for overføring av eit areal på om lag 43 m<sup>2</sup> frå gbnr. 11/2 til gbnr. 11/47 på Hølleland i Lindås kommune.

### Planstatus

Arealet er uregulert og avsett til bustadføre mål i KPA. Det er søkt om dispensasjon frå reguleringskravet og byggeforbodet langs sjø for overføring av arealet, som vert tilleggsareal til gbnr. 11/47.

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med plan- og bygningslova §21-3, det ligg ikkje føre merknadar til varsla tiltak.

### Skråfoto av området 2012



### Orthofoto teke 2015



Før kommunen handsamar søknaden, vert saka sendt til kommunale og regionale planstyresmakter til uttale. Vår handsaming av saka vil i stor grad avhenge av dykkar uttale i saka.



**Frist**

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Alle saksdokument ligg tilgjengeleg på følgjande lenke:

[http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak\\_detaljer&arkivsakid=2016003706&](http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2016003706&)

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Kartutsnitt KPA gbnr 11\_2

Søknad om oppretting av eigedom - gbnr 11/2 Hølleland

Søknad om dispensasjon

Kart

Deling av grunneigedom

Søknad om deling - gbnr 11/2 Hølleland

Kart Arealoverføring 112 til 1147

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland  
Planavdelinga

Postboks 7310 5020

Bergen